

Tina Solberg Pedersen  
Hopsvågen 20  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6371 - 21/60625

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:  
14.09.2021

## **Landbruksak GBNR 126/11 Hope - Svar på søknad om bygging av landbruksveg**

**Administrativt vedtak: Saknr: 955/21**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Tina Solberg Pedersen løyve til bygging av omsøkt veg på 126/11 Hope.**

### **Vilkår**

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som omsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vedtaket er gyldig til 30.09.2024

**Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.**

### **Saka gjeld**

Tina Solberg Pedersen søker om bygging av ca 180 meter landbruksveg i landbruksvegklasse 5. Vegen skal gje tilkomst til ca 1000 kubikk hogstmoden skog samt jordbruksareal og utmark. Berekna kostnad på vegen er satt til kr 300 000,-

### **VURDERING:**

Formålet med denne forskriftena er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilhetsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen vil i denne saka tena både skog og jordbruksføremål og er såleis i tråd med forskrifter.

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særlig veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er ikkje gjort nokre funn.

Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Uttale frå fylkeskommunen ligg vedlagd.

Liste på berørte og informerte naboar ligg ved i saka. Dei hadde ingen innvendingar til tiltaket.

### **Regelverk**

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

Naturmangfaldlova

Forvaltningslova

Kulturminnelova

Offentlegheitslova

### **Privatrettslege tilhøve**

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglende privat rett. Ein eventuell manglende privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6371

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gbnr. 126/11 Hope - Alver kommune

**Mottakarar:**

Tina Solberg Pedersen

Hopsvågen 20

5955 LINDÅS